

Manger Ungdomslag er eit frilynt lag for meiningsfylte og allsidige fritidsaktivitetar.

Laget eig ungdomshuset Solvang og hovudoppgåva er å skaffe inntekter til drift av huset.

Laget skal være ein aktiv medspelar i utviklinga av eit levande og godt nærmiljø for alle som bur på Manger og omegn.

Manger Ungdomslag ynskjer å skape eit betre lokalsamfunn gjennom meiningsfylte kulturaktivitetar.

Manger Ungdomslag har dessverre hatt liten aktivitet dei siste åra, men nytt styre og mange gode støttespelarar med friskt mot har i løpet av 2014 pussa opp heile huset og har sett i gang flotte aktivitetar i huset.

Av barne- og ungdomsaktivitetar kan me nemne at me hausten 2014 starta opp med Frisco. Då dette tilbodet forsvann på Bø tok me i samarbeid med dei over aktiviteten til stor glede for dei rundt 80-100 ungdomane som kjem kvar gong.

Dette året har me lyst å starta opp med datatreff for ungdom.

(Datatreff er en samlebetegnelse for ulike typar forsamlingsar for datainteressert ungdom. Dette begrepet dukket opp på 2000-tallet på grunn av utvidet bruk av begrepet LAN(-party).

Me har allereie fått installert fibernet i Solvang slik at dette skal være mulig å avvikle.

Me har ein leiar for arbeidet med arrangementet som jobbar i databransjen i kvarvarden og har lang erfaring med aktivitetar som dette. Med seg på laget har han i tillegg til fleire vaksne, ungdommar på 18 år som har delteke på likande aktivitetar som dette i Bergen (BY-LAN) Dei skal komme med sine innspel og erfaringar, samt være med på å avvikle treffa. Det betyr at dette vil engasjere mange ungdomar, både dei som deltek på treffa, men også dei som skal være med på å arrangere dei.

Me ser for oss to ulike typar treff.

UngLAN 5-7 Klasse vil være for eksempel lørdag formiddag fram til lørdag kveld Kl 24.00

TenLAN 8 Kl-18 år vil være for eksempel lørdag formiddag fram til søndag formiddag.

Treffa kan også eventuelt avviklast i skuleferiar.

Då aktiviteten er i starten på planlegginga er det ikkje heilt bestemt kor mange treff ein ser for seg å avvikla pr.år.

For å få dette til treng Manger Ungdomslag investera i ein del utstyr. Switch, nettverkskablar mm.

Dette har me fått pris på hjå MTI IT Service As

Me søker om Kr 16000,-

Med det utstyret me då får på plass kan me invitera 48 ungdomar til datatreff i Solvang.

Manger Ungdomslag håpar Radøy Ungdomsråd ser på dette som ein positiv aktivitet for ungdomane i Radøy og at eit viktig moment er at det er eit tilbod Radøy ikkje har frå før.

Ser fram til å høre frå dykk :)

Med venleg helsing: Eva Karin Klausen